

NGIR-nytt

Informasjon til hushald

Gledeleg jul!

Jula står nok ein gong for døra, og både store og små gler seg til den største familiehøgtida i året. Forventingane er store, ikkje berre til gåvene som skal liggja under treet, men også til kvalitetstid saman med familien.

For mange born er julekalenderen eit av høgdepunkta i desember. Den får ein kjøpt i mange ulike utgåver, anten ein er glad i sjokolade, lego, eller andre formar og figurar. Kalendrar gjer dessverre mykje avfall, og på NGIR sitt sorteringsanlegg har dei tilsette kvart år ein stor jobb med å separera plast frå papir på alle kalendrane som kjem inn etter jul. Vi synes det er fint om alle tek seg tid til å gjera dette heime når kalenderen har gjort si plikt.

Elles kan det kanskje vera kjekt å prøva ein litt annleis kalender enn den med sjokolade i. Ein heimelaga kalender med små lommer i, kan til dømes romma lappar med nye aktivitetar ein kan gjera saman. Døme kan vera ”I dag kan du skriva ynskeliste til Nissen”, ”I dag kan du laga julekort og senda til nokon du er glad i” eller ”I dag kan du klyppa ut snøfnugg frå papir og hengja i vindauga”. Gjeremål som baking eller det å lesa ei julehistorie, er også kjekke aktivitetar.

Det er berre fantasien som set grenser.

NGIR ønskjer deg ei fredfull og miljøbevisst julefeiring.





Julepapir og band er restavfall

Julepapir eignar seg ikkje til gjenvinning. Grunnen er at julepapiret innehelt mykje leire og lite papirfibrar. Ofte er det også gjennomfarga. Julepapir- og band skal difor i restavfallet. Bruk gjerne ein eigen sekk til julepapir og band. Sekken kan du setja ut ved sidan av restavfallsdunken ved fyrste tømning etter julaftan.

Juletre er hageavfall

Juletre er hageavfall og kan leverast på ein av gjenvinningsstasjonane våre. Alternativt kan du hogge treet opp til ved.

Miljøvenlege gåver.

- Heimebakekonfekt, kaker, syltetøy
- Aromaterapi
- Kontantkort til mobil
- Spotify-abonnement
- Kinobilletter
- Gåvekort på restaurant/middagsinvitasjon
- Konsertbilletter
- Gåvekort på kurs (til dømes fotokurs)
- Bidrag til ein ideell organisasjon
- Teaterbilletter
- Weekend-tur
- Barnevakt
- Husvask
- Spa
- Årskort på Akvariet eller VilVite
- Du finn fleire tips på www.gronnhverdag.no



Telyskampanje.

Ver med på telysjakta og vinn kinotur til Bergen med klassen din. Les meir om konkurransen på www.ngir.no

Hugs å skylja plastemballasjen.

Enkelte gonger er det faktisk betre at du kastar veldig skiten plastemballasje i restavfallet. Dersom den er vanskeleg å reingjera med kaldt vatn, vil du bruka mykje ressursar på å gjenvinna den. Bruk sunn fornuft, slik at miljøet vinn på vår innsats.

Sorteringstips i jula:

Julepapir og band = Restavfall

Serviettar = Restavfall

Oske = Restavfall (pakk det i ein pose). Oske av rein ved er god gjødsel til plen eller bed.

Stearinlys = Restavfall

Ribbefeitt og beinrestar = Bioavfall, kompost.

Hermetikkboksar, vinflasker, syltetøyglas = Glas- og metall emballasje. Legg i egne konteinrar ved butikken, eller gjenvinningsstasjon.

Telyshaldar = metallemballasje, i egne konteinrar.

Lyspærer = Farleg avfall, kan leverast til butikk eller gjenvinningsstasjon.

Avfall etter fyrverkeri skal ikkje i papirdunken, men i restavfallet.

Avfall frå fyrverkeri kan innehalda restar av eksplosivar, og skal ikkje kastast i papirdunken. Det kan føra til stor brannfare på sorteringsanlegget til NGIR.

Ubrukt fyrverkeri, skal leverast tilbake til seljar. Kontakt brannvesenet for nærare informasjon dersom du har spørsmål.

Mat og restavfall i papiravfallet er eit stort problem.

NGIR har papirsorteringsanlegg i Kjevikdalen, der alt papiret vert sortert for hand. Det at mange kastar restavfall, matavfall og farleg avfall i papirdunkane fører til dårlege arbeidstilhøve for våre tilsette på sorteringsanlegget.

I tillegg vert mykje av papiret tilgrisa, og kan då ikkje gjenvinnast. NGIR oppmodar alle abonnentar til å visa omsyn, og ikkje kasta anna avfall frå hushaldninga i papiravfallet. Hugs at plast ikkje skal i papirdunken, men i eigen sekk. Fyll opp plastsekken før du set den ut til tømning ved sidan av papirdunken.

Bosstøpping om vinteren.

Her er nokre tips som kan gjera bosstøppinga enklare i vinter både for deg og for sjåførane våre:

- Legg avis i botnen på dunken. Då frys ikkje bosset fast.
- Brøyt godt rundt dunkane.
- Ikkje plasser dunkane bak brøytekanter. Det er tungt å dra dunken over kanten, og dunken kan lettare bli skadd.
- Rydd plass til dunkane på tømmedagen.
- Sett avfallsdunkane med handtaket ut mot vegen.
- Knyt ikkje plastsekken fast til dunken. Knyt heller igjen plastsekken, og plasser den oppå eller mellom dunkane.
- Ha oske, sagmugg og støvsugarposar i lukka posar før du kastar dei i restavfallsdunken.



Med ønskje om ei fin førjulstid!

Henting i jula

Det vert ikkje bosshenting julaftan og raude dagar i desember, altså 24.-26. desember og 1. januar 2013.

Dei som har papirtømming desse dagane kan bruke ein returplastsekk til å samla overflødig papir/papp, og setja denne ved sidan av papirdunken ved neste papirhenting. Hugs: Ikkje bland papir og plast. Dei som har henting av restavfall desse dagane får utlevert ein ekstra sekk på dunken under tømning av papir veka før. Den kan du setja ut ved sidan av dunken ved neste restavfallstømning.

Opningstider på gjenvinningsstasjonane i jule- og nyttårshelga.

LINDÅS	Kjevikdalen NGIR Tlf: 56 34 33 10	Måndag 24.12. t.o.m. onsdag 26.12.: Torsdag 27.12.: Fredag 28.12.: Laurdag 29.12.: Måndag 31.12.: Tysdag 01.01.:	Stengd 08.00–19.00 Stengd 09.00-15.00 08.00-12.00 Stengd
---------------	---	---	---

AUSTRHEIM	Litlås Litlås Industriområde	Onsdag 26.12.: Laurdag 29.12.:	Stengd 09.00-15.00
------------------	---------------------------------	-----------------------------------	-----------------------

RADØY	Manger Solendmyra	Tysdag 25.12.: Laurdag 29.12.: Tysdag 01.01.:	Stengd 09.00-15.00 Stengd
--------------	----------------------	---	---------------------------------